

Haugen IL

ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA 2023

Leiar: Asgeir Bakke

Kjell Folkestad

Kari-Ann H. Horne

Tone Sætrenes hellebust

Friidrettsgruppa har hatt ei trening i veka, i frå mai og utover hausten, til andre vinteraktivitetar startar. Vi tar oss og ei pause om sommaren. Treningane har vore på onsdagar. Det har vore jamt oppmøte på treningane, mellom 20-30 ungar. Flest på den yngste gruppa. Har hatt med deltakarar på Sparebankleikane, Ørstaleikane og Hornindalsleikane. Hans Erik Haugland var teken ut på krinsleikane. Det var og med deltakarar på 1.mai løpet på Åheim.

Har ikkje hatt nokon arrangement i år.

Fjelltrimmen går sin vante gang, med premiering til dei to klassane under tjue år. Dei to mest besøkte fjellpostane var som vanleg Naustdalkamben og Kjenndalen. Resultat ligg på Facebooksida til Haugen IL.

Hjelmeland, 8.3.24

Asgeir Bakke, leiar